



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

17/7-2

12. oktober 2017

Statsbudsjettet 2018 - Orientering om framlegg til statsbudsjettet for programkategori 13.50 Regional- og distriktspolitikk - førebels rammer

Kommunal- og moderniseringsdepartementet informerer med dette om framlegget til budsjett for regional- og distriktspolitikken for 2018. Departementet sender ut oppdragsbrev, tildelingsbrev og tilskotsbrev etter at budsjettet er vedtatt i Stortinget. Det kan kome endringar i rammene og i fordelinga av midlane. Dette orienteringsbrevet er eit grunnlag for planlegging.

Målet for regional- og distriktspolitikken er regional balanse gjennom vekstkraft, likeverdige levekår og berekraftige regionar i heile landet. Ein berekraftig region har ei balansert samansetjing av befolkninga og forvaltar menneskelege ressursar og naturressursar for utvikling og verdiskaping no og i framtida. Dette vil leggje til rette for å halde på hovudtrekka i busetjingsmønsteret.

Ein vellukka regional- og distriktspolitikk føreset innsats på fleire politikkområde. Differensiert arbeidsgivaravgift og inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar er viktige døme på slik innsats. Regjeringa viser også til framlegg om auka løyvingar til samferdsle og andre næringsretta tiltak som vil styrke vekstkrafta i heile landet. Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på om lag 1,4 mrd. kroner under programkategori 13.50 for 2018.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Avdeling
Regionalpolitisk
avdeling

Saksbehandler
Ellinor Kristiansen
22 24 70 26

Mål og rammer for 2018

Måla for programkategori 13.50 blei endra frå 2017. Målstrukturen tydeleggjer den geografiske målrettinga av budsjettmidlane – med eitt hovudmål for distriktpolitikk og eitt for regionalpolitikk.

Tabell 1 Mål for programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

Hovudmål	Delmål
1. Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta	1.1 Eit verdiskapande næringsliv i område med spreidd busetjing og store avstandar 1.2 Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar 1.3 Tilgang til grunnleggjande private tenester i område med få innbyggjarar
2. Omstillingsdyktige regionar	2.1 Velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse 2.2 Økonomisk vekst og samarbeid i byregionar og over landegrensene 2.3 Nye arbeidsplassar i område som er ramma av vesentleg reduksjon i sysselsetjinga

Tabell 2 Førebels fordeling av løyvinga på 1,4 mrd. kroner under programkategori 13.50 på kapittel og postar. Tal i mill. kroner.

Delmål	Post	Nemning	Framlegg Prop. 1 S 2018
1.1	550.62	Bedriftsrettede låne- og tilskuddsordninger i distriktene	487,7
	550.70	Bedriftsrettede programmer i distriktene	95,7
	551.61	Næringsretta midler til regional utvikling, kompensasjon for økt arbeidsgiveravgift	0,0
1.2	550.64	Inkluderende og vekstkraftige lokalsamfunn	154,4
	550.66	Forenkling av utmarksforvaltning – forsøksordning	0,0
	554.01	Kompetansesenter for distriktsutvikling	27,8
1.3	550.73	Merkur-programmet	38,3
2.1	553.60	Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse	142,0
	553.74	Nasjonale tiltak for klynger og innovasjonsmiljø	249,8
2.2	553.63	Grenseregionale Interreg-program	51,3
	553.76	Utviklingsprogram for byregioner og internasjonalt samarbeid	30,0
2.3	553.65	Omstillingsprogrammer ved akutte endringer i arbeidsmarkedet	112,0

Innhaldet i hovudmåla og postane

Hovudmål 1 Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta

Regjeringa foreslår om lag 804 mill. kroner til poster under hovudmål 1. Dette er 58 pst. av løyvinga under programkategori 13.50. Bedrifts- og næringsretta tiltak er prioritert.

Delmål 1.1 Kap. 550, post 62 Bedriftsrettede låne- og tilskuddsordninger i distriktene

Regjeringa foreslår ei løyving på 487,7 mill. kroner. Dette er ein nedgang på 31,5 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2017. Løyvinga skal nyttast innafør verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte. Løyvinga inkluderer administrasjons- og gjennomføringskostnader for Innovasjon Noregs forvaltning av ordningane.

Delmål 1.1 Kap. 550, post 70 Bedriftsrettede programmer i distriktene

Regjeringa foreslår ei løyving på 95,7 mill. kroner. Dette er ei vidareføring frå saldert budsjett 2017. Løyvinga er fordelt med 70,5 mill. kroner til Næringshageprogrammet til Siva og 25,2 mill. kroner til Bioraffineringsprogrammet og Mentortenensten for gründerar til Innovasjon Noreg.

Delmål 1.2 Kap. 550, post 64 Inkluderende og vekstkraftige lokalsamfunn

Regjeringa foreslår ei løyving på 154,4 mill. kroner. Dette er ein nedgang på 218,6 mill. frå saldert budsjett 2017.

Målet for ordninga er inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar. Innsatsen skal særleg medverke til; 1) inkludering av tilflyttarar i kommunane, 2) mindre sårbare næringsmiljø og 3) å styrke kommunane si evne til å planleggje, mobilisere, samarbeide om og gjennomføre utviklingstiltak. Fylkeskommunane skal sjølv vurdere, ut frå lokale tilhøve, kva for område som har særlege distriktsutfordringar. Geografiske kjenneteikn, befolkningssamansetting, arbeidsmarknadsutvikling og levekår skal vere grunnlag for vurderinga.

Distriktsindeksen blir nytta til fordeling av midlane mellom fylkeskommunane, og tar utgangspunkt i dei 220 svakaste kommunane på indeksen. Fordelinga blir gjort med ein vektig der fylkeskommunane får eit større beløp pr. innbyggjar i kommunar med størst distriktsutfordringar.

Ramma til Buskerud fylkeskommune er auka med 1 mill. kroner. Midlane skal gå til Hallingdal regionråd, for å støtte arbeidet med utvikling av eit kompetansemiljø for reiseliv.

Programmet *Verdiskaping og næringsutvikling i fjellområdene* (Fjellprogrammet) blei avslutta i 2017.

Delmål 1.2 Kap. 550, post 66 Forenkling av utmarksforvaltning – forsøksordning

Departementet sette i 2016 i gang ei femårig forsøksordning for kommunar som ønskjer å forenkle utmarksforvaltninga. På grunn av liten interesse og få søkjarar, foreslår departementet å avslutte forsøksordninga. Det er difor ikkje foreslått løyving på posten i 2018.

Delmål 1.2 Kap. 554, post 01 Kompetansesenter for distriktsutvikling

Distriktssenteret skal bidra til kunnskapsutvikling om lokal samfunnsutvikling, og vere eit kompetanseorgan for utvikling av regional- og distriktpolitikken. Distriktssenteret skal drive faglege nettverksarenaer for kommunar, fylkeskommunar og andre aktørar om lokalt utviklingsarbeid. Det er foreslått ei løyving på 27,8 mill. kroner i 2018, som er ei vidareføring frå 2017. Løyvinga til Distriktssenteret skal dekkje alle driftsoppgåver, også innkjøp av forskning og utgreiingar. Departementet foreslår at løyvinga på posten kan overskridast mot ei tilsvarande meirinntekt på kap. 3554, post 1.

Delmål 1.3 Kap. 550, post 73 Merkur-programmet

Målet for Merkur-programmet er å sikre innbyggjarar i distrikta tilgang til dagligvarer. Regjeringa foreslår ei løyving til Merkur-programmet på 38,3 mill. kroner, om lag same nivå som 2017.

Hovudmål 2 Omstillingsdyktige regionar

Regjeringa gjer framlegg om å løyve 585 mill. kroner til poster under hovudmål 2, det vil seie 42 pst. av løyvinga under programkategori 13.50. Den største delen av innsatsen skal rettast mot næringsmiljø og kompetansetilgang.

Delmål 2.1 Kap. 553, post 60 Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse

Løyvinga skal bidra til omstillingsdyktige regionar, gjennom å leggje til rette for godt fungerande næringsmiljø og tilgang på relevant kompetanse. Det er foreslått ei løyving på 142 mill. kroner. Det er ein auke på 9 mill. kroner frå saldert budsjett for 2017, til ein ekstrainsats for å følgje opp tiltak i Nordområdestrategien.

Alle fylkeskommunane får ei ramme på 7 mill. kroner (nye Trøndelag får 14 mill. kroner). Finnmark, Nordland og Troms fylkeskommunar får 3 mill. kroner ekstra til å forsterke arbeidet med å mobilisere bedrifter til kompetanseutvikling av tilsette gjennom etter- og vidareutdanning.

Delmål 2.1 Kap. 553, post 74 Nasjonale tiltak for klynger og innovasjonsmiljø

Det er foreslått ei løyving på 249,8 mill. kroner i 2018. Dette er ein auke på 6,8 mill. kroner frå saldert budsjett 2017. Forslaget gir rom for nordområdetiltak og auka tildeling til klyngeprogrammet og Bedriftsnettverk. Midlane blir fordelt med 116,7 mill. kroner til Norwegian Innovation Clusters og Bedriftsnettverk i Innovasjon Noreg, 77,9 mill. kroner til FORREGION i Forskingsrådet (6,1 mill. kroner i administrasjonskostnader er teknisk flytta til Kunnskapsdepartementet) og 55,2 mill. kroner til Inkubatorprogrammet i Siva.

For å følgje opp Nordområdestrategien, er det sett av 4 mill. kroner til Bedriftsnettverk og 4 mill. kroner til mobilisering av bedrifter til auka bruk av FoU innanfor ramma til FORREGION. Midlane skal nyttast i Nord-Noreg. Målet er at tiltaka samla sett skal medverke til fleire konkurransedyktige leverandørmiljø.

Delmål 2.2 Kap. 553, post 63 Grenseregionale Interreg-program

Det er foreslått ei løyving på 51,3 mill. kroner i 2018, som er ei vidareføring frå 2017. Løyvinga skal dekke programma Øresund-Kattegat-Skagerak (ØKS), Sverige-Norge, Botnia-Atlantica, Nord og Kolarctic. Framlegget gjer at den norske statlege finansieringsandelen av Interreg-programma blir på same nivå som i 2017. Sverige-Norge programmet får ein reduksjon i nasjonal finansiering på 3,3 mill. kroner i 2018 samanlikna med 2017, mens ØKS får ei auke på 4,6 mill. kroner. For den fylkesvise fordelinga sjå vedlegg 2.

Delmål 2.2 Kap. 553, post 76 Utviklingsprogram for byregioner og internasjonalt samarbeid

Under denne posten finansierer departementet *Utviklingsprogrammet for byregionar (Byregionprogrammet)* og norsk deltaking i Interreg-program i større europeiske regionar (transnasjonale program), Østersjøen, Nordsjøen, Nordleg Periferi og Arktis (NPA), i tillegg til dei alleuropeiske programma Interreg Europe, ESPON og INTERACT og anna internasjonalt samarbeid.

Det er foreslått ein reduksjon på 24 mill. kroner til 30 mill. kroner i 2018, som følge av at 2017 er siste år for løyvingar til Byregionprogrammet. Løyvinga til Interreg-programma er uendra.

Delmål 2.3 Kap. 553, post 65 Omstillingsprogrammer ved akutte endringer i arbeidsmarkedet

Det er foreslått ei løyving på 112 mill. kroner i 2018. Ekstraordinære omstillingsmidlar til Sør-Varanger kommune på 20 mill. kroner i 2017 skal ikkje vidareførast i 2018. Av løyvinga er 10 mill. kroner ekstraordinære statlege omstillingsmidlar til Andøy kommune, i samanheng med den planlagde nedlegginga av flybasen på Andøya. Ved behandling av revidert nasjonalbudsjett for 2017, løyvde Stortinget 30 mill. kroner til ekstraordinært omstillingsarbeid i Andøy kommune. Det er omtalt i Prop.1 S at regjeringa vil bidra med ytterlegare 50 mill. kroner til omstilling i Andøy kommune, ut over forslaget i budsjettet for 2018. Løyvinga inkluderer også midlar til Innovasjon Noreg som er nasjonalt kompetanseorgan for lokal og regional omstilling. For den fylkesvise fordelinga sjå vedlegg 1.

Stikkordfullmakt

Regjeringa foreslår at fylkeskommunane får høve til å omdisponere mellom kap. 550, post 62 og post 64. Regjeringa foreslår også at fylkeskommunane får høve til å omdisponere mellom kap. 553, post 60, post 63 og 65. Med det vil fylkeskommunane ha fleksibilitet til å prioritere innanfor dei to hovudmåla.

Forskriftsarbeid

Regelverket vil bli tilpassa måla og poststrukturen som var ny i 2017. Kommunal- og moderniseringsdepartementet arbeider med nye forskrifter som skal erstatte gjeldande forskrift og retningslinjer. Nye forskrifter skal etter planen tre i kraft i løpet av våren 2018. Følgjande budsjettposter vil få ny forskrift:

- Kapittel 550, post 64 Inkluderende og vekstkraftige lokalsamfunn.
- Kapittel 550, post 73 Merkur-programmet
- Kapittel 553, post 60 Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljøer og tilgang til kompetanse.
- Kapittel 553, post 65 Omstillingsprogrammer ved akutte endringer i arbeidsmarkedet.

Forskriftene vil bli sendt på høyring i månedsskiftet oktober/november. Departementet gjer merksam på at den vanlege høyringsfristen på tre månader vil bli sett ned til seks veker. Dette er grunna i at mål- og tildelingskriteriene er dei same som for 2017 og ikkje inneber nokon endring i dagens praksis. Departementet samarbeider med ei ekstern ressursgruppe samansett av tre fylkeskommunar og Mentor AS (forvaltar av Merkur- programmet). Dei nye forskriftene vil vere enklare og betre.

Aktørfordeling

Tabellen viser framlegget til fordeling av midlar på aktør, samanlikna med løyvinga i saldert budsjett 2017.

Tabell 3 Aktørfordeling

Forvaltar	Saldert 2017	Framlegg 2018	Endring 2017– 2018
Fylkeskommunane	1240,2	932,4	-307,8
Innovasjon Noreg	147,3	156,9	9,6
Siva	125,7	125,7	0,0
Forskingsrådet	80	77,9	-2,1
KMD	99,3	68,3	-31,0
Distriktssenteret	27,6	27,8	0,1
Totalt	1720,1	1389,0	-331,1

Med helsing

Hallgeir Aalbu (e.f.)
ekspedisjonssjef

Ellinor Kristiansen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Adresseliste

Akershus fylkeskommune	Postboks 1200 Sentrum	0107	OSLO
Aust-Agder fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
Distriktssenteret Finnmark fylkeskommune	Ogndalsvegen 2 Fylkeshuset	7713 9815	STEINKJER VADSØ
Hedmark fylkeskommune	Postboks 4404	2325	HAMAR
Hordaland fylkeskommune	Bedriftssenteret		
Innovasjon Norge Agder	Postboks 7900	5020	BERGEN
Innovasjon Norge Buskerud	Postboks 504	4898	GRIMSTAD
Innovasjon Norge Buskerud	Postboks 253 Bragernes	3001	DRAMMEN
Innovasjon Norge Buskerud og Vestfold	Postboks 253 Bragernes	3001	DRAMMEN
Innovasjon Norge Finnmark	Postboks 607	9811	VADSØ
Innovasjon Norge Hedmark	Furnesveien 81/83	2318	HAMAR
Innovasjon Norge Hordaland	Postboks 7322	5020	BERGEN
Innovasjon Norge Hovedkontoret	Postboks 448 Sentrum	0104	OSLO
Innovasjon Norge Møre og Romsdal	Postboks 166	6001	ÅLESUND
Innovasjon Norge Nord Trøndelag	Serviceboks 2540	7729	STEINKJER
Innovasjon Norge Nordland	Postboks 488	8001	BODØ
Innovasjon Norge Oppland	Kirkegata 80	2626	LILLEHAMMER
Akershus og Østfold Innovasjon Norge Oslo	Postboks 448 Sentrum	0104	OSLO
Innovasjon Norge Rogaland	Postboks 8034	4068	STAVANGER
Innovasjon Norge Sogn og Fjordane	Postboks 52	6861	LEIKANGER

Innovasjon Norge Sør-Trøndelag	Postboks 4330	7417	TRONDHEIM
Innovasjon Norge Telemark	Fylkesbakken 6	3715	SKIEN
Innovasjon Norge Tromsø	Postboks 6304	9293	TROMSØ
Innovasjon Norge Østfold	Postboks 13	1713	GRÅLUM
MENTOR AS	Postboks 200	6801	FØRDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Nordland fylkeskommune	Prinsens gate 100	8048	BODØ
Nord-Trøndelag fylkeskommune	Seilmakergata 2	7735	STEINKJER
Norges forskningsråd	Postboks 564	1327	LYSAKER
Oppland fylkeskommune	Postboks 988	2626	LILLEHAMMER
Oslo kommune	Rådhuset	0037	OSLO
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
SIVA - Selskapet for industrivekst SF	Postboks 1253 Sluppen	7462	TRONDHEIM
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Sør-Trøndelag fylkeskommune	Postboks 2350 Sluppen	7004	TRONDHEIM
Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Troms fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ
Vest-Agder fylkeskommune	Postboks 517 Lundsiden	4605	KRISTIANSAND S
Vestfold fylkeskommune	Svend Foyns gate 9	3126	TØNSBERG
Østfold fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG

Statsbudsjettet 2018: Fordeling av kap. 550, postane 62 og 64 og kap. 553, postane 60, 63 og 65. Tal i mill.kronar.													
Fylke	2017						2018						Endring frå 2017
	550.62 ¹	550.64 ²	553.60	553.63 ^A	553.65 ^B	Ramme 2017	550.62 ¹	550.64 ²	553.60	553.63 ^A	553.65 ^B	Ramme 2018	
Østfold	1,91	1,50	7,00	6,58	7,00	23,99	1,81	0,84	7,00	6,49	7,00	23,14	-0,84
Akershus	0,00	0,00	7,00	5,58	0,00	12,58	0,00	0,00	7,00	5,49	0,00	12,49	-0,08
Oslo	0,00	0,00	7,00	0,38	0,00	7,38	0,00	0,00	7,00	0,95	0,00	7,95	0,58
Hedmark	33,39	26,28	7,00	5,20	4,00	75,87	31,84	14,86	7,00	4,54	4,00	62,24	-13,63
Oppland	33,25	26,17	7,00	0,00	4,00	70,42	32,40	13,22	7,00	0,00	0,00	52,62	-17,80
Buskerud	9,74	7,66	7,00	0,38	4,00	28,78	8,81	2,95	7,00	0,95	4,00	23,72	-5,06
Vestfold	0,00	0,00	7,00	0,38	1,00	8,38	0,00	0,00	7,00	0,95	1,00	8,95	0,57
Telemark	23,07	18,16	7,00	0,38	6,00	54,61	22,32	11,90	7,00	0,95	7,00	49,16	-5,45
Aust-Agder	9,05	7,12	7,00	0,38	5,00	28,55	8,75	3,33	7,00	0,95	4,00	24,03	-4,52
Vest-Agder	10,08	7,94	7,00	0,38	5,00	30,40	9,62	2,51	7,00	0,95	4,00	24,08	-6,32
Rogaland	6,45	5,07	7,00	0,00	9,00	27,52	6,37	2,96	7,00	0,00	9,00	25,33	-2,19
Hordaland	23,56	18,54	7,00	0,00	9,00	58,10	23,44	7,59	7,00	0,00	9,00	47,02	-11,08
Sogn og Fjordane	36,02	28,34	7,00	0,00	6,00	77,36	33,42	9,67	7,00	0,00	4,00	54,10	-23,27
Møre og Romsdal	34,17	26,88	7,00	0,00	9,00	77,05	32,85	10,07	7,00	0,00	9,00	58,91	-18,14
Trøndelag*	59,29	46,65	14,00	10,20	3,00	133,14	55,58	19,28	14,00	8,88	3,00	100,74	-32,40
Nordland	93,34	73,45	7,00	7,37	12,00	194,16	87,48	30,53	10,00	7,37	10,00	145,38	-48,78
Troms**	53,90	34,92	7,00	7,47	6,00	109,29	50,54	13,36	10,00	7,47	8,00	89,36	-19,92
Finnmark	35,98	28,32	7,00	5,37	4,00	80,67	33,72	10,36	10,00	5,37	4,00	63,45	-17,22
Omstilling Sør-Varanger (Finnmark)***					20,00	20,00							-20,00
Verdiskaping og næringsutvikling i fjellområda****		10,00				10,00							-10,00
Innovasjon Noreg*****	56,00				15,00	71,00	48,77				15,00	63,77	-7,23
Verran kommune (Nord-Trøndelag)		2,00				2,00							-2,00
Andøy kommune (Nordland)*****		4,00			1,00	4,00				10,00		10,00	6,00
Hallingdal regionråd (Buskerud)							1,00					1,00	1,00
61-posten, kompensasjon for økt arbeidsgiveravgift						50,00							-50,00
Totalt	519,20	373,00	133,0	50,00	130,00	1255,20	487,71	154,42	142,00	51,30	112,00	947,43	-307,77

*Nord - og Sør- Trøndelag blir slått saman frå 1.1.2018

** For 2017 blei ramma til Troms fylkeskommune på post 64 redusert med 7,5 mill. kroner som følgje av at fylkeskommunen tidlegare har løyvd midlar til føremål som låg utanfor retningslinjene.

*** Ekstraordinære statlege omstillingsmidlar til Sør-Varanger kommune i Finnmark

**** Uttrekk 10 mill. kroner til Verdiskaping og næringsutvikling i fjellområda. Midlane blir forvalta av Oppland fylkeskommune på vegne av fleire fylkeskommunar.

***** Midlar til å dekkje gjennomføringskostnader ved ordningar i regi av Innovasjon Noreg på kap. 550, post 62 og kap. 553, post 65. Midlane blir overførte direkte til Innovasjon Noreg. For 62 posten er det gjort eit anslag på gjennomføringskostnader. Endelege tal kjem i oppdragsbrevet.

***** Ekstraordinære statlege omstillingsmidlar til Andøy kommune i Nordland

Fordelingskriterium 2018

1: Fordeling kap. 550, post 62: Folketal innanfor det distriktpolitiske verkeområdet er vekta etter den inverse distriktsindeksen til kommunen. Kommunar med distriktsindeks under 30 blir vekta 15 pst. ekstra, kommunar i Nord-Noreg og Namdalen 10 pst. ekstra og kommunar i tiltakszona 15 pst. ekstra.

2: Fordeling kap. 550 post 64: Distriktsindeksen nyttast til fordeling av midlane mellom fylkeskommunane, og tar utgangspunkt i dei 220 svakaste kommunane på indeksen. Fordelinga er gjort med ei vektning der fylkeskommunane får eit større beløp pr. innbyggjar i kommunar med størst distriktsutfordringar.

A: Skjønstilldeling til Interreg (EUs territoriale samarbeid). Midlane blir utbetalte til sekretariatsfylka.

B: Til fylke med regionar og lokalsamfunn med store omstillingsutfordringar.

Statlege midlar til Interreg

Tabell A: Statlege midlar til grenseregionalt samarbeid Interreg og ENI (Kolarctic) over kap. 553, post 63 fordelte på fylkeskommunane (mill. kroner).

Fylke	Nord	ENI ¹	Botnia- Atlantica	Sverige- Noreg	Øresund- Kattegat- Skagerrak	SUM
Østfold				5,54	0,95	6,49
Akershus				4,54	0,95	5,49
Oslo					0,95	0,95
Hedmark				4,54		4,54
Buskerud					0,95	0,95
Vestfold					0,95	0,95
Telemark					0,95	0,95
Aust-Agder					0,95	0,95
Vest-Agder					0,95	0,95
Trøndelag				8,88		8,88
Nordland	2,70	2,67	2,00			7,37
Troms	4,80 ²	2,67				7,47
Finnmark	2,70	2,67				5,37
SUM	10,20	8,00	2,00	23,50	7,60	51,30

Tabell B: Statlege midlar til grenseregionalt samarbeid Interreg og ENI (Kolarctic) over kap. 553, post 63 fordelte på dei sekretariatsfylka som har ansvaret for økonomiforvaltninga i dei ulike programma/delprogramma (mill. kroner).

Fylkeskommunar med sekretariatsfunksjon	Midlar til Interreg
Østfold ³	13,70
Hedmark ⁴	8,60
Trøndelag ⁵	8,80
Nordland ⁶	2,00
Troms ⁷	10,20
Finnmark (ENI) ⁸	8,00
SUM	51,30

1 Grenseregionalt samarbeid med Russland innanfor rammene av EUs grenseprogram .

2 Tildelinga til Troms fylkeskommune inkluderer 2,15 mill. kr for norsk deltaking i delprogrammet Sápmi under Interreg Nord.

3 Ramma til Østfold fylkeskommune inkluderer midlar til å dekkje norsk deltaking i Interreg Øresund-Kattegat-Skagerrak og delprogrammet Grenseløst Samarbeid i Interreg Sverige-Noreg.

4 Ramma til Hedmark fylkeskommune inkluderer midlar til å dekkje norsk deltaking i delprogrammet Indre Skandinavia i Interreg Sverige-Noreg.

5 Ramma til Trøndelag fylkeskommune inkluderer midlar til å dekkje norsk deltaking i delprogrammet Nordens Grøne Belte i Interreg Sverige-Noreg.

6 Ramma til Nordland inkluderer midlar til å dekkje norsk deltaking i Interreg Botnia-Atlantica.

7 Ramma til Troms fylkeskommune inkluderer midlar til å dekkje norsk deltaking i Interreg Nord, inkludert delprogrammet Sápmi.

8 Ramma til Finnmark fylkeskommune inkluderer midlar til å dekkje norsk deltaking i EUs grenseprogram mot Russland (ENI (Kolarctic)) i 2018.